

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Nye punkt:

5) Fylkestinget ynskjer ei raskare innfasing av utsleppsfri motorteknologi for kollektivtrafikken (jmf. tiltak 5.16)

a) Framlegg til milepælar for redusert utslepp av Klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2015/16 frem til 2025.

b) Ny anbudsrunde for kollektivtilbodet i Bergensregionen skal leggje til grunn at Trolleybusnettet vert utvida i tråd med forslaga i Trolleybusmeldinga og få inn Euro 6 motorteknologi med bruk av biogass.

c) Plan for utviding av trollebusnettet frå Paradis og Indre Sædal til Birkelundstoppen og frå Strandkaaien til Oasen vert lagt fram for politisk handsaming før sommaren 2015.

6) Fylkestinget er positiv til tidsdifferensierte bompengar i Bergen. Ordninga bør gje ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet.

7) Punkt 5.8 Pådrivar for redusert reisetid med tog Bergen-Oslo vert ikkje tatt ut av planen.

8) Fylkestinget ber om at all planlegging av Rullebane 2 på Flesland vert stoppa."

**Mona Røsvik Strømme** sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 1:

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanens handlingsprogram for 2015 slik det går fram av saka med følgande endring: Tema 5 - Strategi C - pkt. 9 endrast til: Innføring av miljødifferensierte bompengar i og kring Bergen."

**Terje Søviknes** sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 5:

Punkt 5,8: Differensierte bompenger tas ut av Klimaplanens handlingsplan."

### Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp) og fall.

Strømme sitt forslag fekk 5 røyster (H, KrF) og fall.

Innstillinga punkt 2, 3, 4 og 5 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag 5) fekk 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) og fall.

Oen sitt forslag a) fekk 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) og fall.

Oen sitt forslag b) fekk 6 røyster (SV, A, Sp) og fall.

Oen sitt forslag c) fekk 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) og fall.

Oen sitt forslag 6) fekk 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) og fall.

Oen sitt forslag 7) vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag 8) fekk 1 røyst (SV) og fall.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanens handlingsprogram for 2015 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanens handlingsprogram for 2015 (klimabudsjettet) blir handsama i Fylkesbudsjettet for 2015.
3. Førebels fordeling av middel frå klimabudsjettet på dei einstilte tiltaka er basert på kostnadsanslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. Utdjuping av TEMA 4: Bygningar, 4.5. *Tresatsinga i Hordaland*  
Ei nyskapande større satsing på bruk av tre som eit bærekraftig, fornybart byggmateriale, gjennom eit *samarbeid mellom Fylkesmannen og Innovasjon Norge ved vidareføringa av eksisterande prosjekt: Tresatsinga i Hordaland*, sum: 50.000kr.
6. Punkt 5.8 Pådrivar for redusert reisetid med tog Bergen-Oslo vert ikkje tatt ut av planen.